



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 20.01.2022  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtetid:** 09:00 - 14:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Erlend Kvamsdal	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss om og førte møteboka.

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
013/2022	Godkjenning av innkalling og sakliste
014/2022	Godkjenning av møtebok
003/2022	Klage på politisk vedtak saknr 103/2021 datert 22.11.2021
004/2022	Klage på pålegg om fjerning av husbåt og illegging av tvangsmulkt
005/2022	Framlegg til utbyggingsavtale Risnes tomteområde ved Drageidet
006/2022	Grunnvassundersøkingar sør for Storavatnet ved Andvik
007/2022	Kvinge grendalag - søknad om kommunalt tilskot til tursti og lysanlegg
008/2022	Restfinansiering/auka kommunalt tilskot "universiell tilkomst til dagsturhytta"
009/2022	Godkjenning av planprogram for kommunedelplan for drikkevatt og avlaup for Masfjorden kommune 2021 - 2033
010/2022	Kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden 2021 - 2032 - 2 gangs handsaming
011/2022	Prioritering av trafiktryggleikssøknader frå Masfjorden kommune i 2022
012/2022	Forskrift om jakt etter hjort og minsteareal, Masfjorden kommune, Vestland
015/2022	Referatsak
016/2022	Saldering budsjett 2022
017/2022	Justering av utbyggingsavtale Varleite på Kvamme, Gnr. 32 og B nr 2
018/2022	Frivilligsentral i Masfjorden kommune
019/2022	KS debatthefte 2022 - på same lag, uttale frå Masfjorden kommune
020/2022	Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Masfjorden kommune

## **013/2022: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

### **20.01.2022 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sette fram forslag om at - sak PS 020/2022 Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Masfjorden kommune - vart trekt frå sakslista då saka vart vedteke i kommunestyret i desember og ved ein feil vart meldt oppatt for ny handsaming. Formannskapet slutta seg samla til å trekke saka.

Ordførar sette fram forslag om at - sak 04/2022 Klage på pålegg om fjerning av husbåt og ilegging av tvangsmulkt - vart trekt frå sakskartet då tiltakshavar har rydda i forholdet som låg til grunn for pålegget. Formannskapet slutta seg samla til å trekke saka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes

### **FS - 013/2022 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjend**

---

## **014/2022: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjend.

### **20.01.2022 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 014/2022 VEDTAK:**

**Møtebok vert godkjend.**

---

## 003/2022: Klage på politisk vedtak saknr 103/2021 datert 22.11.2021

### Rådmannen sitt framlegg:

Klage frå MOWI datert 17.12.2021 vert teke til følgje. Vedtak gjort i administrativt vedtak saknr 106/2021 datert 17.09.2021 vert lagt til grunn:

«Masfjorden kommune gjev med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon for utviding av eksisterande flytebrygge gbnr 38/2 som omsøkt.

Masfjorden kommune gjev med heimel i hamne – og farvasslova § 14 løyve til utviding av eksisterande flytebrygge gbnr 38/2.

Masfjorden kommune gjev med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 løyve til utviding av eksisterande flytebrygge gbnr 38/2. Søknad med vedlegg mottatt 09.07.2021 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonsplan mottatt 09.07.2021.
- Tiltaket må ikkje igangsettjast før klagefristen på vedtaket er ute og det ikkje ligg føre klage på dispensasjonsvedtaket.
- Det skal søkast om ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.
- Dersom tiltaket ikkje vert sett i gang innan 3 år etter at meldinga vart motteke av kommunen, eller at tiltaket vert innstilt i meir enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Grunngjeving: Bruken av strandsona vil etter administrasjonen si vurdering bli svært lite endra, sidan det alt ligg flytebrygge i tilknytning til MOWIs drift der i dag. Forskjellen blir at ny flytebryggje vil ha litt større mål og bli flytta 12 meter lengre ut slik at det vert nok dybde til å ta i mot brønnbåtar som krev større dybde enn det er ved eksisterande brygge.

Det vert vurdert at tiltaket vil medføre minimal, om nokon, risiko for skade på naturmangfaldet. Gjennomføring av omsøkt tiltak vil med andre ord ikkje vere i strid med naturmangfaldslova.

Ved å utvide flytebryggja vil ein kunne ivareta sikkerheita til båt, mannskap og fiskevelferd ved at båtar ikkje lengre vil ta ned i havbotnen når dei legg til brygga. Ved å kunne ta i mot større båtar vil det verte færre anløp pr år der meir miljøvennlege båtar vil redusere støy for omliggjande eigedomar enn båtar som vert nytta i dag.

Det må bli tatt omsyn til friluftsliv, ålmen ferdsel, naturkvalitetar og landskap ved utbyggjing i landskap med spesielle kvalitetar. Forhold til andre interesser som for eksempel akvakultur må også vurderast. Behov for næringsutvikling og arbeidsplassar skal også tillegkast vekt jf statleg planretningslinjer for diffirensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

Etter kommunen sin kunnskap, så har det ikkje vore store utfordringar knyta til fortøying av eksisterande bryggje for dei som nytta området til fiske og rekreasjon. Det vert difor vurdert at om flytebryggja kjem 12 meter lengre ut, så vil ikkje det skape store ulemper for dei som nytta Åbakkevika til fiske eller anna bruk.

Administrasjonen finn at omsynet bak reglane det vert dispensert frå eller omsyna i lovene sine formål, ikkje vert vesentlig sett til side ved å gje dispensasjon i dette høve og at fordelane er større enn ulempene jf plan- og bygningslova § 19-2.

Heimel: Plan- og bygningslova § 19-2, § 20-1, Hamne og farvasslova § 14 og Masfjorden kommuneplan 2018-2030.»

Saka vert i medhald av plan- og bygningslova § 1-9 sendt over til endeleg klagevurdering hjå Statsforvaltaren i Vestland.

## **20.01.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Klagen vert teke til følgje. Det vert ikkje gjeve dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2 for omsøkt utviding av eksisterande flytebrygge gbnr 38/2.

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart vedteke med 3 mot 2 (Ap og Sp) røyster.

### **FS - 003/2022 VEDTAK:**

**Klage frå MOWI datert 17.12.2021 vert teke til følgje. Vedtak gjort i administrativt vedtak saknr 106/2021 datert 17.09.2021 vert lagt til grunn:**

**«Masfjorden kommune gjev med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon for utviding av eksisterande flytebrygge gbnr 38/2 som omsøkt.**

**Masfjorden kommune gjev med heimel i hamne – og farvasslova § 14 løyve til utviding av eksisterande flytebrygge gbnr 38/2.**

**Masfjorden kommune gjev med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 løyve til utviding av eksisterande flytebrygge gbnr 38/2. Søknad med vedlegg mottatt 09.07.2021 vert godkjent på følgjande vilkår:**

- Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonsplan mottatt 09.07.2021.
- Tiltaket må ikkje igangsettjast før klagefristen på vedtaket er ute og det ikkje ligg føre klage på dispensasjonsvedtaket.
- Det skal søkast om ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.
- Dersom tiltaket ikkje vert sett i gang innan 3 år etter at meldinga vart motteke av kommunen, eller at tiltaket vert innstilt i meir enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

**Grunngjeving: Bruken av strandsona vil etter administrasjonen si vurdering bli svært lite endra, sidan det alt ligg flytebrygge i tilknytning til MOWIs drift der i dag. Forskjellen blir at ny flytebrygge vil ha litt større mål og bli flytta 12 meter lengre ut slik at det vert nok dybde til å ta i mot brønnbåtar som krev større dybde enn det er ved eksisterande brygge.**

**Det vert vurdert at tiltaket vil medføre minimal, om nokon, risiko for skade på naturmangfaldet. Gjennomføring av omsøkt tiltak vil med andre ord ikkje vere i strid med naturmangfaldslova.**

**Ved å utvide flytebryggja vil ein kunne ivareta sikkerheita til båt, mannskap og fiskevelferd ved at båtar ikkje lengre vil ta ned i havbotnen når dei legg til brygga. Ved å kunne ta i mot større båtar vil det verte færre anløp pr år der meir miljøvennlege båtar vil redusere støy for omliggjande eigedomar enn båtar som vert nytta i dag.**

**Det må bli tatt omsyn til friluftsliv, ålmen ferdsel, naturkvalitetar og landskap ved utbygging i landskap med spesielle kvalitetar. Forhold til andre interesser som for eksempel akvakultur må også vurderast. Behov for næringsutvikling og arbeidsplassar skal også tillegkast vekt jf statleg planretningslinjer for diffirensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.**

**Etter kommunen sin kunnskap, så har det ikkje vore store utfordringar knyta til fortøying av eksisterande brygge for dei som nytta området til fiske og rekreasjon. Det vert difor vurdert at om flytebryggja kjem 12 meter lengre ut, så vil ikkje det skape store ulemper for dei som nytta Åbakkevika til fiske eller anna bruk.**

**Administrasjonen finn at omsynet bak reglane det vert dispensert frå eller omsyna i lovene sine formål, ikkje vert vesentlig sett til side ved å gje dispensasjon i dette høve og at fordelane er**

**større enn ulempene jf plan- og bygningslova § 19-2.**

**Heimel: Plan- og bygningslova § 19-2, § 20-1, Hamne og farvasslova § 14 og Masfjorden kommuneplan 2018-2030.»**

**Saka vert i medhald av plan- og bygningslova § 1-9 sendt over til endeleg klagevurdering hjå Statsforvaltaren i Vestland.**

---

## **004/2022: Klage på pålegg om fjerning av husbåt og illegging av tvangsmulkt**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Klage frå tiltakshavar datert 27.12.2021 vert ikkje teke til følgje. Det vert vist til administrativt vedtak datert 09.12.2021 og rådmannen sine vurderingar under. Saka vert i medhald av plan- og bygningslova § 1-9 sendt over til endeleg klagevurdering hjå Statsforvaltaren i Vestland.

### **20.01.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart trekt frå sakskartet jf sak PS 013/2022 Godkjenning av innkalling og saksliste.

### **FS - 004/2022 VEDTAK:**

**Saka vart trekt**

---

## **005/2022: Framlegg til utbyggingsavtale Risnes tomteområde ved Drageidet**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune godkjenner den framforhandla utbyggingsavtalen med føretaket Heide I AS dagsett 23.11.2021 knytt til Risnes tomteområde ved Drageidet.

### **20.01.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Formannskapet samla seg om å sende saka attende til rådmannen for vidare handsaming. Saka kjem opp att i eit ekstra formannskapsmøte 02.02.22

### **FS - 005/2022 VEDTAK:**

**Saka vart sendt attende til rådmannen for vidare handsaming.**

---



## **006/2022: Grunnvassundersøkingar sør for Storavatnet ved Andvik**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune løyver krone 900.000,- til vidare arbeid med grunnvassundersøkingar sør for Storavatnet. Midlane vert finansiert av unytta midlar 2021/disp.fond.

### **20.01.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 006/2022 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune løyver krone 900.000,- til vidare arbeid med grunnvassundersøkingar sør for Storavatnet. Midlane vert finansiert av unytta midlar 2021/disp.fond.**

---

## **007/2022: Kvinge grendalag - søknad om kommunalt tilskot til tursti og lysanlegg**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune løyver tilskot med inntil kr. 135.000 til hhv tursti og lysanlegg, finansiert over kulturfondet.

### **20.01.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 007/2022 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune løyver tilskot med inntil kr. 135.000 til hhv tursti og lysanlegg, finansiert over disp.fond.**

---

## **008/2022: Restfinansiering/auka kommunalt tilskot "universiell tilkomst til dagsturhytta"**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

- Masfjorden kommune aukar opp finansieringsdelen til spelemiddelprosjektet med kr. 177.366 til kr. 540.457,- slik at prosjektet er fullfinansiert.
- Auken vert finansiert med unytta midlar kulturbudsjettet 2021 og/eller kulturfond.

### **20.01.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Geir Egil Haugsvær (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Saka vert sendt attende til rådmannen for vidare saksutgreiing med følgjande grunngjeving:

Sp ønskjer ei oversikt over kor mykje dagsturhytta med tilhøyrande infrastruktur har kosta Masfjorden kommune.

Sp ønskjer ei oversikt og merking på kart over kva dei ulike kommunale tilskota er brukt/tenkt brukt på.

Er same tiltaket søkt på fleire gonger med forskjellig tekst i søknadane? Eksempel: Nærmiljøanlegg og Dagsturhytte i Masfjorden.

Sp er ikkje einig i at ein skal bruke kulturbudsjettet eller kulturfond til dette allereie no. Det må vente til etter søknadsfristen for å søke midlar herifrå er ute slik at alle søknadane kan likebehandlast.

Det lokale engasjementet og dugnadsviljen som blir vist i desse prosjekta er svært positive og imponerande. Det set me stor pris på.

Formannskapet samla seg om å endre kulepkt 2 til:

Auken vert finansiert med unytta midlar disposisjonsfondet.

Haugsvær trekk sitt framlegg til vedtak etter endringsframlegget frå eit samla formannskap.

Framlegg til vedtak frå rådmannen med endringa i kulepkt 2 vart samrøystes vedteke.

### **FS - 008/2022 VEDTAK:**

- **Masfjorden kommune aukar opp finansieringsdelen til spelemiddelprosjektet med kr. 177.366 til kr. 540.457,- slik at prosjektet er fullfinansiert.**
  - **Auken vert finansiert med unytta midlar disposisjonsfondet.**
-

**009/2022: Godkjenning av planprogram for kommunedelplan for drikkevatt og avlaup for Masfjorden kommune 2021 - 2033**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Planprogram for kommunedelplan for drikkevatt og avlaup for Masfjorden kommune 2021 – 2031 vert godkjent.

Det vert vist til vedlagde planprogram dagsett 03.01.2022

**20.01.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - 009/2022 VEDTAK:**

**Planprogram for kommunedelplan for drikkevatt og avlaup for Masfjorden kommune 2021 – 2031 vert godkjent.**

**Det vert vist til vedlagde planprogram dagsett 03.01.2022**

---

**010/2022: Kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden 2021 - 2032 - 2 gangs handsaming**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-15 kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden 2021 – 2032.

Det vert vist til vedlagt plandokument dagsett 07.01.2022.

**20.01.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - 010/2022 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-15 kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden 2021 – 2032.**

**Det vert vist til vedlagt plandokument dagsett 07.01.2022.**

---

## **011/2022: Prioritering av trafiktryggleikssøknader frå Masfjorden kommune i 2022**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune prioriterer følgjande trafikksikringsprosjekt i 2022:

- Fullføring av veglys Kvinge
- Fysiske tiltak for å auka trafiktryggleiken knytt til busshaldeplassen ved Matre skule som og kan inkludere å etablere snuplass for hente/bringeområde
- Sikringstiltak (støypekant) langs Hopselva på kommunevegen til Indre Hope

Vert det gjeve fylkeskommunale trafikksikringstilskot vil Masfjorden kommune finansiere inntil 50 % av investeringane, jf. kriteriene for å få tilskot.

### **20.01.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 011/2022 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune prioriterer følgjande trafikksikringsprosjekt i 2022:**

- **Fullføring av veglys Kvinge**
- **Fysiske tiltak for å auka trafiktryggleiken knytt til busshaldeplassen ved Matre skule som og kan inkludere å etablere snuplass for hente/bringeområde**
- **Sikringstiltak (støypekant) langs Hopselva på kommunevegen til Indre Hope**

**Vert det gjeve fylkeskommunale trafikksikringstilskot vil Masfjorden kommune finansiere inntil 50 % av investeringane, jf. kriteriene for å få tilskot.**

---

## **012/2022: Forskrift om jakt etter hjort og minsteareal, Masfjorden kommune, Vestland**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune legg ut ny forskrift for jakt etter hjort og fastsetting av minsteareal til godkjenning:

#### **§ 1 Opning av jakt**

Det er lov til å jakta etter hjort i Masfjorden kommune.

#### **§ 2. Minsteareal**

Minstearealet for hjort er: Sandnes og Frøyset sokn får: 350 daa. Indrefjorden får 400 daa og gjeld frå vald 54 Eikemo/Stallane/Solhaug til grensa mellom Stegalvik og indre Haugsdal.

#### **§ 3 Verknadsdato.**

Denne forskrifta trer i kraft 1. januar 2022. Samtidig vert forskrift av 15. juni 1993 nr. 627 revidert i 1994 og på nytt i 2001 om minsteareal for hjortejakt i Masfjorden kommune oppheva.

## **23.11.2021 TEKNISK UTVAL**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **TU - 018/2021 VEDTAK:**

Masfjorden kommune legg ut ny forskrift for jakt etter hjort og fastsetting av minsteareal til godkjenning:

#### **§ 1 Opning av jakt**

Det er lov til å jakta etter hjort i Masfjorden kommune.

#### **§ 2. Minsteareal**

Minstearealet for hjort er: Sandnes og Frøyset sokn får: 350 daa. Indrefjorden får 400 daa og gjeld frå vald 54 Eikemo/Stallane/Solhaug til grensa mellom Stegalvik og indre Haugsdal.

#### **§ 3 Verknadsdato.**

Denne forskrifta trer i kraft 1. januar 2022. Samtidig vert forskrift av 15. juni 1993 nr. 627 revidert i 1994 og på nytt i 2001 om minsteareal for hjortejakt i Masfjorden kommune oppheva.

## **20.01.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå Teknisk utval val vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

## **FS - 012/2022 VEDTAK:**

Masfjorden kommune legg ut ny forskrift for jakt etter hjort og fastsetting av minsteareal til godkjenning:

### **§ 1 Opning av jakt**

Det er lov til å jakta etter hjort i Masfjorden kommune.

### **§ 2. Minsteareal**

Minstearealet for hjort er: Sandnes og Frøyset sokn får: 350 daa. Indrefjorden får 400 daa og gjeld frå vald 54 Eikemo/Stallane/Solhaug til grensa mellom Stegalvik og indre Haugsdal.

### **§ 3 Verknadsdato.**

Denne forskrifta trer i kraft 1. januar 2022. Samtidig vert forskrift av 15. juni 1993 nr. 627 revidert i 1994 og på nytt i 2001 om minsteareal for hjortejakt i Masfjorden kommune oppheva.

---



## 015/2022: Referatsak

### Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

### 20.01.2022 FORMANNSKAPET

#### Referatsaker:

Skriv 1: 110 Vest - Orientering om kostnader knyttet til nytt oppdragshåndteringssystem

Skriv 2: Kart med utførte undersøkelser og analyseresultater frå undersøkelsesbrønner

Skriv 3: Matre skule - Svar på tilbakemelding på avvik og merknad

Skriv 4: Orientering om formannskapsmedlemmers valgbarhet som meddommere

Skriv 5: Valgbarhet til meddommerutvalg

Skriv 6: Årsmelding 2021

Skriv 7: Skule og barnehagerute for 2022/23

#### Orientering frå rådmannen:

- rådmannen orienterte om at kraftmelding og finansrapportering kjem som sak i neste formannskap
- val av medlemmer til eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne kjem som sak i neste kommunestyre.
- rådmannen orienterte kort om nye reglar frå Husbanken som gjeld omsorgsbustader
- det er unytta løyving som gjeld kompensasjonsordning. Desse kan nyttast etter innkomen søknad viss søkar oppfyller kriteria
- etableringstilskot - potten er for liten og mange får tilbakemelding om at tilskotet gjeld for etablering etter 01.01.21. Rådmannen sette fram forslag og at dato for etablering vert endra til 01.01.20. Eit samla formannskapet slutta seg til dette.
- rådmannen orienterte kort om status for Gulen og Masfjorden brann- og redning samt eventuelt ei evaluering av ordninga.
- rådmannen orienterte kort om innkjøp av matvarer gjennom Bergensavtalen.
- rådmannen orienterte kort om status for veglys på Kvingo og moms kompensasjonsordninga

#### Orientering frå ordførar:

- ordførar orienterte kort om status for oppgradering av deler av Masfjordvegen
- ordførar orienterte kort om status for utbygging av bustadfelt i Ytre Haugsdal
- ordførar orienterte kort om status for Haugsvær Panorama
- ordførar orienterte kort om planlagt utnytting av Helsehuset i Knarvik
- ordførar sette fram forslag om å utsette kommunestyremøte til 24.02.22 og ha eit formannskapsmøte 02.02.22 i staden for. Formannskapet samla seg om denne løysinga.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS - 015/2022 VEDTAK:**

**Referatsaker vert tekne til orientering**

---

## **016/2022: Saldering budsjett 2022**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Driftsbudsjett 2022 vert endra i samsvar med vedlagt bevillingsoversikt drift.

### **20.01.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 016/2022 VEDTAK:**

**Driftsbudsjett 2022 vert endra i samsvar med vedlagt bevillingsoversikt drift.**

---

## **017/2022: Justering av utbyggingsavtale Varleite på Kvamme, Gnr. 32 og B nr 2**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Utbyggingsavtalen signert 15.2.2021, med heimel i kommunestyrevedtak 11.2.2021  
vert

- justert under pkt. 2.6. frå anleggsbidragsmetoden til justeringsrett mva.,
- samt at ein endrar pkt. 4.1. til 1,6 mill.kr.
- kommunen forskotterer mva, og får den attende over 10 år.
- Tidspunkt for utbetaling av tilskot vert avtalt nærare mellom utbyggjar og ordførar

### **20.01.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 017/2022 VEDTAK:**

**Utbyggingsavtalen signert 15.2.2021, med heimel i kommunestyrevedtak 11.2.2021  
vert**

- **justert under pkt. 2.6. frå anleggsbidragsmetoden til justeringsrett mva.,**
  - **samt at ein endrar pkt. 4.1. til 1,6 mill.kr.**
  - **kommunen forskotterer mva, og får den attende over 10 år.**
  - **Tidspunkt for utbetaling av tilskot vert avtalt nærare mellom utbyggjar og ordførar**
-

## **018/2022: Frivilligsentral i Masfjorden kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

- Oppstart i kommunal regi utsett til 1.1.23
- Sak med vedtekter, organisering etc. tek ein sikte på å ha klar til juni møte i kommunestyre.
- Oddvin Neset vert utpeika til å vere kommunal repr. styre frivilligsentral 2022
- Kommunen overfører unyttta midlar 2021 til Masfjorden sokn/frivilligsentral til disp. frivilligsentral 2022.

### **20.01.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 018/2022 VEDTAK:**

- **Oppstart i kommunal regi utsett til 1.1.23**
  - **Sak med vedtekter, organisering etc. tek ein sikte på å ha klar til juni møte i kommunestyre.**
  - **Oddvin Neset vert utpeika til å vere kommunal repr. styre frivilligsentral 2022**
  - **Kommunen overfører unyttta midlar 2021 til Masfjorden sokn/frivilligsentral til disp. frivilligsentral 2022.**
-

## **019/2022: KS debatthefte 2022 - på same lag, uttale frå Masfjorden kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Saka vert lagt fram for drøfting i formannskapet.

### **20.01.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Formannskapet samla seg om å utsette saka til det ekstra formannskapsmøte 02.02.22.

### **FS - 019/2022 VEDTAK:**

**Saka vart utsett.**

---

## **020/2022: Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Masfjorden kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune gjer vedtak om godkjenning av lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg av 12.11.2021 med heimel i forvaltningslova § 37.

### **02.12.2021 KOMMUNESTYRET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **KS - 062/2021 VEDTAK:**

Masfjorden kommune gjer vedtak om godkjenning av lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg av 12.11.2021 med heimel i forvaltningslova § 37.

### **20.01.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart trekt frå sakskartet jf sak PS 013/2022 Godkjenning av innkalling og saksliste.

### **FS - 020/2022 VEDTAK:**

**Saka vart trekt.**

---

Rett utskrift frå møteboka frå formannskapet 20.01.22 vert vitna:

---

Karstein Totland  
ordførar

---

Torill Torsvik Størkensen  
varaordførar